



Sjekkliste for egenrevisjon



## 54 KALKUN, ENDER OG GJESS

© Stiftelsen Norsk Mat  
Versjon 2021.10

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



## Svar

Ja

Nei

Ikke  
aktuelt

### 54.1 KALKUNPRODUKSJON



#### 54.1.1 Registrerer du nødvendige produksjonsdata i ein produksjonskontroll?

Du må kontinuerleg registrere nødvendige produksjonsdata i ein produksjonskontroll som er levert og godkjend av Nortura eller av Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund (KLF).



#### 54.1.2 Registrerer du vektutviklinga til dyra?



#### 54.1.3

#### Har du hatt veterinær på helseovervakingsbesøk i løpet av det siste halvåret?

Dersom du er kalkunprodusent og deltek i *Dyrevelferdsprogram kalkun*, skal du ha veterinær på helseovervakingsbesøk 2 gongar i året. Veterinæren skal journalføre besøka i HelseFjørfe. Som produsent kan du òg gå inn i HelseFjørfe og lese din eigen journal.

#### § Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun

Lovkrav

#### 54.1.4 Sikrar du at husdyr på beite ikkje går inntil veggene på fjørfehuset?

Husdyr, kjæledyr, fuglar og andre ville dyr kan vere friske berarar av *Campylobacter*. Du bør difor syte for at husdyr på beite held seg meir enn 50 meter unna fjørfehuset.

#### 54.1.5 Bruker du berre fôr utan koksidiostatika i dei siste dagane før slakting?

Dersom du gjev dyra fôr som inneheld koksidiostatika, skal du i dei siste dagane før dyra skal slaktast føre dem med slutfôr utan koksidiostatika. Kor mange dagar du skal gjere dette, kan variere med typen koksidiostatikum; sjå kva som står i innleggssetelen.

Fôrar du med slutfôr frå silo, er det på bestemte vilkår. For det første må du ha minst to fôrsiloar, og siloen som du skal bruke til slutfôr, må vere tømt for anna fôr før du blæs inn slutfôret. For det andre må fôringsanlegget, inkludert dagtank, skruar, skåler og renner, vere tomt før du køyrer slutfôr inn i huset. Dette er viktig for å sikre at det ikkje finst koksidiostatika i slutfôret.

#### § Krav

Matloven

Lovkrav



#### 54.1.6

#### Ved bruk av fôr med koksidiostatika, noterer du tidspunktet når du startar med slutfôring i daglistene?

Dersom du bruker fôr med koksidiostatika, skal du notere tidspunktet når du startar med slutfôring, i daglister. Det er for at du seinare skal kunne dokumentere tidspunktet.

#### 54.1.7

#### Har du ein plan for funksjonstesting av nødstraumsaggregat?

Det meste i eit moderne fjørfehus er avhengig av straum. Eit straumbrot er ein kritisk situasjon som krev at du har nødaggregat. For å sikre at dette startar med ein gong, må du teste det jamleg.

*Forskrift om hold av høns og kalkun* seier mellom anna dette:

«Alle tekniske innretningar som har betydning for dyras velferd skal kontrolleres minst en gang daglig. Oppdages feil eller mangler skal disse straks rettes. Hvis dette ikke er mulig, skal nødvendige tiltak iverksettes for å beskytte dyra inntil utbedringer er foretatt. Dersom

driften er avhengig av strøm for å ivareta dyras behov på en forsvarlig måte, skal det være tilgang på strømaggregat ved strømbrytning.»

**§ Krav**

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

**54.1.8**

**Har kalkunane tilgang på eigna miljøberiking?**

Kalkun skal ha tilgang på eigna miljøberiking i samsvar med krav frå varemottakar.

**54.2 ANDEPRODUKSJON**

**54.2.1 Sikrar du at husdyr på beite ikkje går inntil veggene på fjøfhuset?**

Husdyr, kjæledyr, fuglar og andre ville dyr kan vere friske berarar av *Campylobacter*. Du bør difor syte for at husdyr på beite held seg meir enn 50 meter unna fjøfhuset.



**54.2.2 Registrerer du vektutviklinga til dyra?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt